



MØTEPROTOKOLL

Utval:	Utval for areal, plan og miljø
Møtedato:	15.04.2026
Møtetid:	08:45 - -14:30
Møtestad:	Frekhaug kommunehus, Formannskapssalen

Frammøtte faste medlemmer

Namn	Rolle	Parti	Merknad
Ståle Juvik Hauge	leiar	AP	
Olav Steinar Namtvedt	nestleiar	SP	
Nina Stabell Øvreås	medlem	FRP	
Kenneth Taule	medlem	SP	
Murberg			
Wilfred Berthelsen	medlem	VIP	
Olav Myhr	medlem	KRF	
Yngve Walaker	medlem	FRP	
Leif Taule	medlem	SP	
Leif Johnsen	medlem	MDG	

Faste medlemmer som ikkje møtte

Namn	Rolle	Parti
Henning Fyllingsnes	MEDL	H
Tore Helland	MEDL	FRP

Frammøtte varamedlemmer

Namn	Rolle	Parti	Merknad
Audun Sylta	varamedlem	H	

Oddvar Øvreås

varamedlem

FRP

Følgjande frå administrasjonen møte:

Veronika Sjursæter Eide

Møtesekretær

Siril Therese Sylta

Tenesteleiar

Eirik Sætre

Einingsleiar

Inge Andre Johannessen

Rådgjevar

Ingrid Raniseth

Kristin Nåmdal

Tenesteleiar

Merethe Tvedt

Rådgjevar

Mikkel Bengtsson

Mari Emilie Pettersen Hagenlund

Møteprotokoll er publisert på kommunens nettside og vert godkjent i neste møte.

Veronika Sjursæter Eide

Møtesekretær

Sakliste

Saksnummer	Tittel	Unntak frå innsyn
PS 23/26	Godkjenning av innkalling og sakliste	
PS 24/26	Godkjenning av møteprotokoll APM 11.03.26	
PS 25/26	Delegerte vedtak APM 15.04.26	
PS 26/26	Referat saker	
RS 6/26	Forvaltningsplanen for Lurefjorden og Lindåsosane marine verneområde	
PS 27/26	Klage på avslag på søknad om dispensasjon frå arealføremålet LNF og byggjeforbodet langs sjø for oppføring av naust - gbnr. 486/39 Vetåsvegen 173	
PS 28/26	Klage på avslag dispensasjon - 341/72 - Fureskjeggvegen 27A - oppføring av naust	
PS 29/26	Oppstart av detaljregulering og forslag til planprogram - Bjørsvik, landbasert akvakulturanlegg Lerøy Vest AS	
PS 30/26	Oppheving av eldre reguleringsplaner i Alver kommune - Høyring og offentleg ettersyn - Planer i Meland	
PS 31/26	Høyring av forslag til nye forskrifter og endringar i eksisterande forskrifter på viltområdet	
PS 32/26	Klage på vedtak om dispensasjon og løyve i samband med oppføring av jordvaskeanlegg - Kjevikdalen	
PS 33/26	Klage på avslag på søknad om dispensasjon frå byggeforbod langs sjø for utviding av discgolfanlegg på Vardnappen - 323/4 Frekhaug	
PS 34/26	Orienteringar / meldingar til APM - orientering i møte	
RS 7/26	Kommuneplanen sin arealdel knytt opp mot arealbehov i Bustadplan og Barnehage - og skulebruksplan ved Kristin Nåndal - orientering i møte	

PS 35/26

Klage på avslag dispensasjon - 202/141 - Helleåsen
3 - Ny bustad

Offl. § 13 1. ledd, jf.
Fvl. § 13 1. ledd

PS 23/26 Godkjenning av innkalling og sakliste

Handsaming i Utval for areal, plan og miljø - 15.04.2026:

Ingen merknad til innkalling.

Endring i sakliste: PS 33/26 vert flytta til etter sak RS 6/26

PS 23/26 - 26/6, RS 6/26, PS 33/26, PS 27-32/26, PS 34/26, RS 7/26, PS 35/26

Vedtak i Utval for areal, plan og miljø - 15.04.2026:

Innkalling og sakliste er godkjent med endringar

PS 24/26 Godkjenning av møteprotokoll APM 11.03.26

Handsaming i Utval for areal, plan og miljø - 15.04.2026:

Samrøystes.

Vedtak i Utval for areal, plan og miljø - 15.04.2026:

Møteprotokollen er godkjent.

PS 25/26 Delegerede vedtak APM 15.04.26

Handsaming i Utval for areal, plan og miljø - 15.04.2026:

Ingen merknad. Samrøystes.

Vedtak i Utval for areal, plan og miljø - 15.04.2026:

Delegerede vedtak er teke til orientering.

PS 26/26 Referat saker

Handsaming i Utval for areal, plan og miljø - 15.04.2026:

Referatsak RS 6/26 er teke til orientering. Samrøystes.

Vedtak i Utval for areal, plan og miljø - 15.04.2026:

Referatsaker er teke til orientering.

PS 27/26 Klage på avslag på søknad om dispensasjon frå arealføremålet LNF og byggjeforbodet langs sjø for oppføring av naust - gbnr. 486/39 Vetåsvegen 173

Handsaming i Utval for areal, plan og miljø - 15.04.2026:

Utvalet var på synfaring før møtet.

Framlegg frå Nina S. Øvreås-FRP:

Klage på avslag på søknad om dispensasjon frå arealføremålet LNF og byggjeforbodet langs sjø for oppføring av naust - gbnr. 486/28

Vetåsvegen 173

Klagen i frå tiltakshavar på avslag på dispensasjon, datert 04.02.2026, vert teken til følge, og vedtaket vert som følgjer:

Alver kommune gjev dispensasjon frå arealføremålet LNF og byggjeforbodet langs sjø, pbl § 1-8, for oppføring av naust på eigedom gbnr 486/28.

Grunngjeving:

- tomte er allereie planert og opparbeida for føremålet
- tilsvarande areal i nord og aust er også opparbeidd og bebygd frå før
- areal er lite aktuelt for årmenn ferdsel og friluftsliv då fritidseigedomen allereie er opparbeidd og bebygd og denne går heilt til sjø og til grense mot nausttomta
- strandsona sør for tomte er svært bratt og lite eigna for ferdsel
- området er allereie privatisert og dagens situasjon vil slik sett bli vidareføre
- naustet er tenkt plassert langt inn på tomte
- naturinteressene vert i liten grad berørt då tomte alt er opparbeidd
- tiltaket gir ikkje nevneverdig endring i landskapsbiletet då det er plassert i direkte tilknytning til bebygd eigedom
- den arealbruk som har vore føresett i ca 50 år og som ligg som eit sår i terrenget etter utsprenging og planering, vert realisert
- landbruksinteressene vert ikkje råka av tiltaket

Vedtaket er fatta med heimel i plan- og bygningslova § 19-2.»

Heimel for vedtaket er forvaltningslova § 33.

Framlegget vart vedteke med 7 røyster (Nina S. Øvreås-FRP, Oddvar Øvreås-FRP, Yngve Walaker-FRP, Olav Myhr-KRF, Wilfred Berthelsen-VIP, Audun Sylta-H, Kenneth T Murberg-SP), mot 4 røyster

Kommunedirektøren sitt framlegg fall med 4 røyster (Ståle J Hauge-AP, Olav S Namtvedt-SP, Leif Taule-SP, Leif Johnsen-MDG), mot 7 røyster.

Vedtak i Utval for areal, plan og miljø - 15.04.2026:

Klage på avslag på søknad om dispensasjon frå arealføremålet LNF og byggjeforbodet langs sjø for oppføring av naust - gbnr. 486/28

Vetåsvegen 173

Klagen i frå tiltakshavar på avslag på dispensasjon, datert 04.02.2026, vert teken til følgje, og vedtaket vert som følgjer:

Alver kommune gjev dispensasjon frå arealføremålet LNF og byggjeforbodet langs sjø, pbl § 1-8, for oppføring av naust på eigedom gbnr 486/28.

Grunngjeving:

- tomta er allereie planert og opparbeida for føremålet
- tilsvarande areal i nord og aust er også opparbeidd og bebygd frå før
- areal er lite aktuelt for årmenn ferdsel og friluftsliv då fritidseigedomen allereie er opparbeidd og bebygd og denne går heilt til sjø og til grense mot nausttomta
- strandsona sør for tomta er svært bratt og lite eigna for ferdsel
- området er allereie privatisert og dagens situasjon vil slik sett bli vidareføre
- nauset er tenkt plassert langt inn på tomta
- naturinteressene vert i liten grad berørt då tomta alt er opparbeidd
- tiltaket gir ikkje nevneverdig endring i landskapsbiletet då det er plassert i direkte tilknytning til bebygd eigedom
- den arealbruk som har vore føresett i ca 50 år og som ligg som eit sår i terrenget etter utsprenging og planering, vert realisert
- landbruksinteressene vert ikkje råka av tiltaket

Vedtaket er fatta med heimel i plan- og bygningslova § 19-2.»

Heimel for vedtaket er forvaltningslova § 33.

PS 28/26 Klage på avslag dispensasjon - 341/72 - Fureskjeggvegen 27A - oppføring av naust

Handsaming i Utval for areal, plan og miljø - 15.04.2026:

Framlegg frå Kenneth T Murberg-SP:

Utval for Areal, Plan og Miljø har vore på synfaring den 15.4.2026 for å vurdere saka nærare.

Utvalet har vurdert om omsyna som ligg bak føresegna det dispenserast i frå, ikkje vert vesentleg tilsidesett.

Utvalet ser ikkje at området ligg i eit pressområde, eller blir etablert på ein slik måte at det er til hindre for allmennheita. Snarare er området per i dag god tilgjengeleg, lagt til rette, og brukt av allmennheita. Grøne strukturar er godt ivareteke, og er litt av «essensen» i verdien i området og eigendommene.

Naustetomten ligg i ei naturlig «grop» som ikkje er komme som følgje av naturinngrep, tomta er slik sett naturlig "planert og opparbeida". Det er bratt rundt gropa, og for andre praktiske høve burde sikring vore vurdert.

Ein finn difor at eit naust fell naturlig inn i terrenget, og samtidig bidreg til å sikre gropa. Inngrepet vil ikkje innebere naturinngrep, ut over sjølve bygginga. Tiltaket vil heller ikkje forringe området med omsyn til «allmenn ferdsel». Snarare vert området meir tilgjengeleg. Det ligg per i dag fleire hytter på rekke, med tilhøyrande naust. Bygging av naust på den aktuelle tomten, vil slik sett bidra til at området blir meir heilskapleg. Likebehandling er også eit moment i saka.

Området med bygningar er per i dag utforma slik ein oppfattar det, at dei tek omsyn til allmenn ferdsel, natur og miljø. Framkomst til området via land, er på naturstiar. Dette inneber at behov for større tilgang via sjø, i tilfelle sjukdom, frakt av varer og andre vedlikehaldsbehov i området.

Utvalet er opptatt av ei streng og langsiktig strandsoneforvaltning, men finn ikkje at saka i sin heilskap, utfordrar ei streng praksis av strandsoneforvaltninga.

Utvalet finn difor at fordeler er vesentleg større enn ulempene.

Alver kommune tek klage til følgje, og godkjenner søknad om dispensasjon rå arealføremålet LNF og byggeforbodet langs sjø, jfr. PBL. 1-8, for oppføring av naust på gnbr. 341/72

Vedtaket er heimla i PBL §19-2 med fylgjande vilkår:

- Naustet skal byggjast utan ytterleg naturinngrep.

Framlegget vart vedteke med 10 røyster for (Kenneth T Murberg-SP, Leif Taule-SP, Olav Steinar Namtvedt-SP, Leif Johnsen-MDG, Audun Sylta-H, Wilfred Berthelsen-VIP, Olav Myhr-KRF, Yngve Walaker-FRP, Oddvar Øvreås-FRP, Nina S.Øvreås-FRP), mot 1 røyst

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak fall med 1 røyst (Ståle J.Hauge-AP), mot 10 røyster

Vedtak i Utval for areal, plan og miljø - 15.04.2026:

Utval for Areal, Plan og Miljø har vore på synfaring den 15.4.2026 for å vurdere saka nærare.

Utvalet har vurdert om omsyna som ligg bak føresegna det dispenserast i frå, ikkje vert vesentleg tilsidesett.

Utvalet ser ikkje at området ligg i eit pressområde, eller blir etablert på ein slik måte at det er til hindre for allmennheita. Snarare er området per i dag god tilgjengeleg, lagt til rette, og brukt av allmennheita. Grøne strukturar er godt ivareteke, og er litt av «essensen» i verdien i området og eigendommene.

Naustetomten ligg i ei naturlig «grop» som ikkje er komme som følgje av naturinngrep, tomta er slik sett naturlig "planert og opparbeida". Det er bratt rundt gropa, og for andre praktiske høve burde sikring vore vurdert.

Ein finn difor at eit naust fell naturlig inn i terrenget, og samtidig bidreg til å sikre gropa. Inngrepet vil ikkje innebere naturinngrep, ut over sjølve bygginga. Tiltaket vil heller ikkje forringe området med omsyn til «allmenn ferdsel». Snarare vert området meir tilgjengeleg. Det ligg per i dag fleire hytter på rekke, med tilhøyrande naust. Bygging av naust på den aktuelle tomten, vil slik sett bidra til at området blir meir heilskapleg. Likebehandling er også eit moment i saka.

Området med bygningar er per i dag utforma slik ein oppfattar det, at dei tek omsyn til allmenn ferdsel, natur og miljø. Framkomst til området via land, er på naturstiar. Dette inneber at behov for større tilgang via sjø, i tilfelle sjukdom, frakt av varer og andre vedlikehaldsbehov i området.

Utvalet er opptatt av ei streng og langsiktig strandsoneforvaltning, men finn ikkje at saka i sin heilskap, utfordrar ei streng praksis av strandsoneforvaltninga.

Utvalet finn difor at fordeler er vesentleg større enn ulempene.

Alver kommune tek klage til følgje, og godkjenner søknad om dispensasjon rå arealføremålet LNF og byggeforbodet langs sjø, jfr. PBL. 1-8, for oppføring av naust på gnbr. 341/72

Vedtaket er heimla i PBL §19-2 med fylgjande vilkår:

- Naustet skal byggjast utan ytterleg naturinngrep.

PS 29/26 Oppstart av detaljregulering og forslag til planprogram - Bjørsvik, landbasert akvakulturanlegg Lerøy Vest AS

Handsaming i Utval for areal, plan og miljø - 15.04.2026:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Utval for areal, plan og miljø - 15.04.2026:

Utval for Areal, plan og miljø, APM vedtek å varsle oppstart av Detaljreguleringsplan Bjørsvik, landbaserte akvakulturanlegg gbnr 229/6 mfl., planID.46312024006, og legg forslag til planprogram med siste revisjonsdato 17.3.2026 ut til høyring og offentlig ettersyn, jf. plan- og bygningslova §§ 4-1, 12-8 og 12-9. Planområde er vist i planavgrensing datert 17.3.2026

PS 30/26 Oppheving av eldre reguleringsplaner i Alver kommune - Høring og offentlig ettersyn - Planer i Meland

Handsaming i Utval for areal, plan og miljø - 15.04.2026:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Utval for areal, plan og miljø - 15.04.2026:

I medhald av plan- og bygningslova § 12-11, og i høve delegert mynde, legg Utval for areal, plan og miljø følgjande forslag til reguleringsplan ut til offentlig ettersyn for oppheving:

- 1.Skytebaneområde på Espetveit, PlanID 125619780207, vedtatt 27.01.1978
- 2.Reguleringsplan for industriområde Mjåtveit – Frekhaugmarka, PlanID 125619780310, vedtatt 10.03.1978
- 3.Utviding av Orrhøyen bustadområde, PlanID 125619881026, vedtatt 26.10.1988
- 4.Reguleringsplan for Flatøy vest, PlanID 125619890001, vedtatt 14.06.1989
- 5.Reguleringsplan for flytebru med vegnett, Flatøy, PlanID 125619890002, vedtatt 14.06.1989
- 6.Reguleringsplan for Meland Kyrkje, PlanID 125619920205, vedtatt 05.02.1992
- 7.Reguleringsplan for trafikkområde - Vegkryss Rv. 564 - Fv. 244, del av Frekhaugsenter, PlanID 125620010117, vedtatt 17.01.2001
- 8.Reguleringsplan for RV564 Mjåtveit – Dalstø, PlanID 125620010328, vedtatt 28.03.2001
- 9.Reguleringsplan for Mongsedalen / Mjukebakkane, PlanID 125620010502, vedtatt 02.05.2001
- 10.Reguleringsplan for Rossland Motorcrossanlegg, PlanID 125620060006, vedtatt 04.02.2009
- 11.Reguleringsplan Fv 245 frå Hatleberget til Skarpeneset, PlanID 125620070004, vedtatt 13.05.2009
- 12.Reguleringsplan for næringsområde Mjåtveit – Dalstø, PlanID 125620090002, vedtatt 05.05.2010

PS 31/26 Høyring av forslag til nye forskrifter og endringar i eksisterande forskrifter på viltområdet

Handsaming i Utval for areal, plan og miljø - 15.04.2026:

Framlegg frå Ståle J.Hauge-AP:

Alver kommune legg fram høyringsuttale til forslag om endring av forskrifter til ny viltressurslov, med særleg vekt på regulering av bruk av restlysforsterkande og termiske siktemiddel ved jakt på hjort

Alver kommune meiner at det er både forsvarleg og nødvendig å opne for bruk av termiske og restlysforsterkande siktemiddel ved hjortejakt, når dette skjer innanfor tydelege rammer. Bruk av termiske og restlysforsterkande siktemiddel vil bidra til meir presis avskyting, betre dyrevelferd og meir effektiv forvaltning.

Kommunen er svært kritisk til ei ordning med kommunal søknad og kommunal fastsetting av forskrift. Kommunen meiner regulering bør skje på fylkesnivå for å sikre lik praksis og redusert byråkrati.

Ved ei eventuell opning for bruk av termiske og restlysforsterkande siktemiddel må det vurderast tidsrom på bruka av og eventuelle krav til opplæring, evaluering og oppskyting.

Når det gjeld bruk av hund, meiner kommunen det bør opnast for bruk av laus ettersøkshund under privat ettersøk av omsyn til dyrevelferd.

Framlegget vart vedteke med 10 røyster for (Ståle J.Hauge-AP, Nina S Øvreås-FRP, Oddvar Øvreås-FRP, Yngve Walaker-FRP, Olav Myhr-KRF, Wilfred Berthelsen-VIP, Audun Sylta-H, Leif Johnsen-MDG, Kenneth T Murberg-SP, Leif Taule-SP)

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak fall med 1 røyst (Olav S. Namtvedt-SP), mot 10 røyster.

Vedtak i Utval for areal, plan og miljø - 15.04.2026:

Alver kommune legg fram høyringsuttale til forslag om endring av forskrifter til ny viltressurslov, med særleg vekt på regulering av bruk av restlysforsterkande og termiske siktemiddel ved jakt på hjort

Alver kommune meiner at det er både forsvarleg og nødvendig å opne for bruk av termiske og restlysforsterkande siktemiddel ved hjortejakt, når dette skjer innanfor tydelege rammer. Bruk av termiske og restlysforsterkande siktemiddel vil bidra til meir presis avskyting, betre dyrevelferd og meir effektiv forvaltning.

Kommunen er svært kritisk til ei ordning med kommunal søknad og kommunal fastsetting av forskrift. Kommunen meiner regulering bør skje på fylkesnivå for å sikre lik praksis og redusert byråkrati.

Ved ei eventuell opning for bruk av termiske og restlysforsterkande siktemiddel må det vurderast tidsrom på bruka av og eventuelle krav til opplæring, evaluering og oppskyting.

Når det gjeld bruk av hund, meiner kommunen det bør opnast for bruk av laus ettersøkshund under privat ettersøk av omsyn til dyrevelferd.

PS 32/26 Klage på vedtak om dispensasjon og løyve i samband med oppføring av jordvaskeanlegg - Kjevikdalen

Handsaming i Utval for areal, plan og miljø - 15.04.2026:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Utval for areal, plan og miljø - 15.04.2026:

Klagen i frå nabo, på innvilga dispensasjon og løyve, datert 17.02.2026, vert ikkje teke til følgje.

Vedtaket som vert ståande lyd slik:

«Alver kommune gjev dispensasjon frå plan- og bygningslova § 29-4 for oppføring av bygg for jordvaskeanlegg med byggehøgde på kote + 55,0. Grunngevinga for vedtaket går fram av saksutgreiinga.

Vedtaket har heimel i plan- og bygningslova § 19-2.

Alver kommune gjev løyve til etablering av jordvaskeanlegg på eigedom gbnr 177/36 slik det er søkt om. Løyvet vert gjeve på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan rev. B datert 18.11.2025, jf. pbl. § 29-4

Tiltak skal avsluttast med ferdigattest jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Før det vert gjeve ferdigattest eller mellombels bruksløyve for tiltaket skal følgjande liggja føre:

1. Relevante rekkefølgjekrav i reguleringsplan skal være oppfylt.

Løyve vert gjeve med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3

PS 33/26 Klage på avslag på søknad om dispensasjon frå byggeforbod langs sjø for utviding av discgolfanlegg på Vardnappen - 323/4 Frekhaug

Handsaming i Utval for areal, plan og miljø - 15.04.2026:

Framlegg frå Audun Sylta-H:

Ber om å få utsetje saka for synfaring ved neste moglege høve

Framlegget fekk 3 røyster og fall (Audun Sylta-H, Oddvar Øvreås-FRP, Yngve Walaker-FRP) mot 8 røyster

Framlegg frå Nina S. Øvreås-FRP:

Klagen ifrå tiltakshaver vert tatt til følge

Alver kommune gjev disp fra byggerforbudet gitt i pbl §1-8 til etablering av 4 nye discgolfhull og gangsti på Vardenappane. Vedtak har hjemmel i pbl19-2. Fordelene er større enn ulempene til smlet vurdering. Arealet formålet blir ikke vesentlig satt til side

Tiltaket vil bidra til at område vert bedre tilrettelagt for de som spiller discgolf, som er et lavterksel tilbud, og for turgåere. Det blir etablert gruslagde stier som vil lette ferdsel i området. Området er idag ikke tilrettelagt og utilgjengeleg.

Discgolf klubben vil også vedlikeholde og sjøtte område slik dei gjer i område kring Badevika. Naturinngrepa er minimale og lett reversible.

Framlegget fekk 5 røyster og fall (Nina S. Øvreås-FRP, Yngve Walaker-FRP, Oddvar Øvreås-FRP, Olav Myhr-KRF, Audun Sylta-H) mot 6 røyster

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart vedteke med 6 røyster (Ståle J Hauge-AP, Olav S Namtvedt-SP, Leif Taule-SP, Kenneth T Murberg-SP, Leif Johnsen-MDG, Wilfred Berthelsen-VIP), mot 5 røyster

Vedtak i Utval for areal, plan og miljø - 15.04.2026:

Klagen i frå tiltakshavar, på avslag på dispensasjon datert 15.02.2026, vert ikkje teke til følgje.

Vedtaket som vert ståande lyd slik:

«Alver kommune avslår søknad om dispensasjon frå byggeforbodet gjeve i plan- og bygningslova § 1-8 knytt til etablering av 4 nye discgolfhull og gangsti på Vardenappane. Vedtaket har heimel i plan- og bygningslova § 19-2.»

Grunngjevinga går fram av saksutgreiinga. Heimel for vedtaket er forvaltningslova § 33.

PS 34/26 Orienteringar / meldingar til APM - orientering i møte

Handsaming i Utval for areal, plan og miljø - 15.04.2026:

Orienteringane er teke til orientering. Samrøystes.

Vedtak i Utval for areal, plan og miljø - 15.04.2026:

Orienteringar / meldingar til APM er teke til orientering.

RS 7/26 Kommuneplanen sin arealdel knytt opp mot arealbehov i Bustadplan og Barnehage - og skulebruksplan ved Kristin Nåmdal - orientering i møte

PS 35/26 Klage på avslag dispensasjon - 202/141 - Helleåsen 3 - Ny bustad